

Klatreføreren for Uskedalen er no sendt til trykkeriet og vil vera ferdig i starten av mai. Den vert å få kjøpt gjennom Bergen Klatreklubb og i velassorterte sportsbutikker, opplysar Odd Magne Øgreid i klatreklubben til uskedalen.no

Føreren blir på 144 sider samt innbinding og beskriv 60 ruter som er frå 1 til 18 taulengder lange. Også nabodalen Eikedalen er med. Der er det nyleg utvikla 30 naturleg sikra ruter frå 1 til 3 taulengder.

Føreren inneheld informasjon om korleis eim kjem til Uskedalen, om overnattingsmoglegheiter og om klatringstilbodet. Det er også informasjon på engelsk og ei norskengelsk ordliste for dei vanlegaste klatreuttrykka, Jo Gjødrems klassiske artikkel om Uskedalens klatrehistorikk er med i føreren.

Nesten alle ruter er presentert med både bilete av veggen med stipla linjeføring, handteikna topo med stipla linjeføring og beskriving av kvar einskild taulengde. Formatet er B5.

Øgreid kan ellers melda at det amerikanske magasin Climbing Magazine kjem 10 dagar i juni for å klatra, ta bilete og lage reportasje om klatringa her.

Klatreklubben skal freista å halda ei samling frå 21. til 24. juni i samband med presentasjonen av føreren. Truleg blir det da også foredrag ved ein av klatrepionerane i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen